



Orientering om avløpssakene i Sunnfjord kommune

- Tiltak og status



Sunnfjord kommune

Arkivsak: 25/4493
Dokument: 25/26785
Saksbehandlar: Malin Solheim
Moldestad
Dato: 05.06.2025

Saksframlegg

Bakgrunn

Vedtak om orientering om avløpssakene

Saksnr.	Utval	Møtedato
111/25	Formannskapet	05.06.2025

Orientering om avløpssakene

Vedtak i Formannskapet 05.06.2025:

Formannskapet ber om ei orientering når kommunen sitt forsikringsselskap har behandla alle krav i samband med avløpssaka. Orienteringa må også innehalde ein gjennomgang av sakshandsaminga i kommunen, og status i saka.

Bakgrunn for saka

Under godkjenning av innkallinga og saklista i møte i formannskapet 5. juni, fremja ordføraren at "Orientering av avløpssakene" blir sett som ny sak på saklista. Eit einstemmig formannskap slutta seg til dette, og saka vart sett på saklista, jf. koml. § 11-3 første ledd.

Førde, den 05.06.2025

Tiltaksplan, gjennomføring og utfordringar

- **Grunnlag**

Asplan Viak rapporten «Uavhengig gjennomgang av saksbehandling av mindre avløpsanlegg i Sunnfjord kommune» frå sommaren 2024

- **Tiltaksplan og gjennomføring**

Notat av 10.10.24 frå kommunedirektøren til Kontrollutvalet med desse hovudpunkta:

- Handsaming av førespurnadar om erstatning
- Tiltak for å sikre at sakshandsaming av søknadar og vilkåra i utsleppsløyva er i samsvar med råmene i forureiningsforskrifta
- Avklaring av spørsmål og problemstillingar tekne opp i Asplan Viak rapporten



- **Nasjonale føringar og utfordringar framover**

Nasjonale krav til oppdaterte utsleppsløyve og avløpsanlegg i samsvar med gjeldande krav seinast innan 2033

Ny saksgjennomgang etter at Asplan Viak rapporten kom ut

- Gjennomgang av saksgang og vilkår i utsleppsløyva
 - Fleire tiltakshavarar tok opp at kommunen har stilt strenge krav til avløpsanlegga
 - Endring av vilkår i utsleppsløyve (38 av 81)
 - Attståande 9 førespurnadar om kompensasjon for «meir kostbare avløpsanlegg enn naudsynt»
- Oppfatning og omdøme
 - Oppfatning av at kommunen ikkje godkjenner infiltrasjonsanlegg, men krev minireinseanlegg for alle utsleppsløyve i ferskvassområde
 - Uheldig at slik oppfatning har spreia seg
 - Søkt om minireinseanlegg, og fått løyve for minireinseanlegg
 - Gjeve fleire løyve til infiltrasjonsanlegg enn minireinseanlegg i perioden

Henta frå Asplan Viak sin gjennomgang i kontrollutvalet 02.07.25

Antall saker asplan viak	5	Slamavskiller med utslippsledning til fjord	 + 
	22	Infiltrasjonsanlegg	
	20	Minirenseanlegg med etterpolering	 +  Etterpolering med ulike infiltrasjonsløsninger
	7	NaturRen våtmarksanlegg med etterpolering	 +  Etterpolering med infiltrasjon
	7	Separering av svartvann og gråvann	 Gråvannsløsninger: 5 stk eget gråvannrensseanlegg 2 stk infiltrasjonsanlegg kun gråvann
<u>Sum 61 saker</u>			

Erstatningskrav utsleppsløyve avløpsanlegg

Politisk orientering oktober 2024

- Kommunen hadde motteke 9 klagar/krav om erstatning som tok utgangspunkt i kommunen sin saksbehandling av søknader om utslepp.
- Erstatningskrav blei meldt inn til kommunen sitt forsikringsselskap for eventuell dekning gjennom ansvarsforsikringa.
- Det er reglane for erstatning som trekker opp rammene for når innbyggjarar vil kunne krevje kompensasjon for feil dei meiner kommunen har gjort.
- Kommunen ville sende eit likelydande brev til alle tiltakshavarar med søknadar som var omfatta av gjennomgangen til Asplan Viak.

Erstatningskrav utsleppsløyve avløpsanlegg

Orientering til alle tiltakshavarar

- Alle tiltakshavarar blei orientert i brev 18.11.2024:
 - Opplyst om at det er erstatningsreglane som er ramma for når innbyggjarar kan krevje kompensasjon for feil dei meiner kommunen har gjort.
 - Oppfordra dei som meiner dei hadde eit erstatningskrav om å sende det inn til kommunen.
 - Skildring av det økonomiske tapet og korleis det skuldast eventuelle feil kommunen har gjort.
 - Tapet måtte vere konkretisert med eit beløp og dokumentert med faktura eller liknande.
 - Informerte om at dei kunne ta kontakt med kommunen for å få informasjon Asplan Viak hadde lagt til grunn i sine vurderingar.
 - Kommunen forlenga foreldingsfrist for krav om ikkje allereie var forelda for krav som ble sendt inn innan 18.02.2025 (tre månader)
- I brevet vart det vidare opplyst om at mottekne krav ville verte meldt inn til kommunen sitt forsikringsselskap som vil vurdere om kommunen er erstatningsansvarleg
- Framgangsmåten ga god informasjon til tiltakshavarar og la grunnlag for at de ville få vurdert om de hadde krav.

Erstatningskrav utsleppsløyve avløpsanlegg

Behandling av forsikringsselskapet - Gjensidige

- Ved utløp av fristen hadde kommunen motteke 24 erstatningskrav. Alle krav blei oversendt Gjensidige.
- Kommunen har teikna ein ansvarsforsikring som dekker kommunen sitt erstatningsansvar for skadar som kommunen påfører personar, ting eller formue under utøving av kommunal verksemd.
- Forsikringa dekker det rettslege erstatningsansvaret kommunen kan pådra seg.
- Etter forsikringsavtalen er det Gjensidige som behandlar krava. Dei har høg kompetanse på området.
- Av kapasitetsomsyn engasjerte Gjensidige Kogstad Lunde & Co til å behandle sakene.

Erstatningskrav utsleppsløyve avløpsanlegg

Generelt om erstatningsansvar

- Aktuelt grunnlag er arbeidsgiveransvaret
- Skadeerstatningslova § 2-1
 - "Skade som voldes foresettlig eller uaktsomt"
 - ved vurdering av ansvar ta omsyn «til om de krav skadelidte med rimelighet kan stille til virksomheten eller tjenesten, er tilsidesatt»
- Innanfor service-, bistands- og kontrollverksemd har kommunen ein skjønnsmargin og det er rom for feilvurderingar.
- Vurderinga av ansvarsgrunnlag kan ikkje byggast på etterpåklokskap
- Å avslå krav om erstatning vil ikkje vere enkeltvedtak

Erstatningskrav utsleppsløype avløpsanlegg - status

Behandling av forsikringsselskapet - Gjensidige

- Gjensidige har vurdert om kommunen er erstatningsansvarleg etter norsk erstatningsrett.
- Gjensidige har behandla 19 av dei 24 krava. Dei har ikkje funnet rettsleg grunnlag for erstatning.
- Det er 2 saker Gjensidige har avslått på grunn av at det ikkje er satt fram eit konkret krav om erstatning.
- Det er 3 saker som ikkje er omfatta av forsikringsavtalen og som kommunen har behandla sjølv. Dei vil bli svart ut innan kort tid.
- Kommunen har motteke eit søksmålsvarsel. Dette blir behandla av Gjensidige.

Erstatningskrav utsleppsløyve avløpsanlegg

Grunngjeving

- Det er ikkje rettsleg grunnlag for erstatning
 - Det er tiltakshavar som i lag med prosjekterende/nøytrale fagkyndige som har vurdert og valt renseløsningen.
 - Det er søkt om ei løysing som kommunen har godkjent
 - Vedtak er ikkje klaga på
 - Kommunen har eit vidt skjønn etter forureiningsregelverket og krava er sakeleg grunngjeve og ikkje uforholdsmessige.
 - Formålet har vore å redusere utslepp
 - Krav som er stilt er lovlege
 - Andre moment
 - Det er ikkje eit økonomisk tap i erstatningsrettslig sammenheng
 - Enkelte har ikkje sett fram eit økonomisk krav
 - Enkelte krav er forelda

Tiltaksplan med utgangspunkt i Asplan Viak rapporten

- Tiltaksplan og gjennomføring
 - Notat av 10.10.24 frå kommunedirektøren til Kontrollutvalet (Ligg på SEKOM sekretariatet)
- Utsleppsløyve – Gjennomgang og endring av vilkår som ikkje er fastsett i forskrift eller kommunen ikkje såg grunn til å oppretthalde
 - Endringsvedtak for 38 av 81 løyve pr. oktober 2025
- Nye rutinar/ prosedyrer for sakshandsaming av utsleppsløyve, og nye malar for vilkår og grunngjeving i bygge- og utsleppsløyve for avløpsanlegg
 - I praksis innført frå årsskiftet 2024/2025
 - Nye rutinar for sakshandsaming og vilkår i utsleppsløyva avklara i bransjemøte 4. april 2025
 - Kommunen sine forventningar til bransjen, og bransjen sine forventningar til kommunen - 14 verksemder deltok
- Avklare vidare framgangsmåte for klager/krav om erstatning avløpsanlegg der tiltakshavar, søker eller eigar meinte kommunen hadde påført dei meir kostbare avløpsanlegg enn naudsynt
 - Sjå eigen oversikt over
- Oversikt over politisk orientering om tiltaksplanen
 - Utval for næring og miljø 23.10.2024
 - Formannskapet 24.10.2024
 - Status i avløpssakene i formannskapet 15.05.2025 og kontrollutvalet 21.05.2025
 - Formannskapet 23.10.2025

Utsleppsløyve – Gjennomgang og endring av vilkår som ikke er fastsett i forskrift eller kommunen ikke såg grunn til å oppretthalde

- Administrasjonen har gått gjennom 81 utsleppsløyve gjevne i perioden 2020-2024
- Av desse er det gjort 38 endringsvedtak på vilkår i løyva basert på klager eller ny vurdering av at vilkåra vart vurdert til ikke å vere naudsynte:
 - Årleg prøvetaking og analyse av fosfor, totalt nitrogen og organisk materiale (TOC) for minireinseanlegg
 - 24 t uttrykkingskrav ved feil på minireinseanlegg
 - Krav om innsending servicerapportar for minireinseanlegg
 - Krav om tilsynsavtale og årleg rapportering for infiltrasjonsanlegg
- Kommunen har òg teke bort generelt krav om etterpolering for minireinseanlegg, men set krav som sikrar mot smittefare og lukt

Nye rutinar/ prosedyrer for sakshandsaming av søknadar om utsleppsløyve for avløpsanlegg

- Sakshandsaming

- Ansvarleggjere nøytral fagkynding etter krava i § 12-10 i forureiningsforskrifta om dokumentasjon
 - Det er opp til nøytral fagkynding å tilrå søkjar kva avløpsløyving som er best eigna (t.d. minireinseanlegg eller infiltrasjonsanlegg)
- Kommunen skal rådgje om regelverk og krav, men skal ikkje vere konsulent for val av avløpsløyving eller utarbeiding av søknad
 - Det er opp til nøytral fagkynding å tilrå søkjar kva avløpsløyving som er best eigna (t.d. minireinseanlegg eller infiltrasjonsanlegg)
 - Kommunen skal gjennomføre mottakskontroll, og gje rask tilbakemelding på eventuelle manglar
- Bransjemøte med avløpsbransjen 4. april 2025 (14 verksemder deltok)
 - Formål med møtet – Kommunen sine forventningar til bransjen, og bransjen sine forventningar til kommunen - 14 verksemder deltok
 - Innhaldet i prosedyre og malar vart presentert og drøfta i møte med bransjen 4. april 2025
 - Vektlagt å ansvarleggjere nøytral fagkyndig
 - Grensesnittet utsleppsløyve og byggeløyve

- Utsleppsløyve

- Kommunen skal gje løyve som omsøkt, føresett at søknaden stettar krava for utsleppsområdet
- Utsleppsløyva skal innehalde alle krav som er sett, som reinsegrad, storleik (personekvivalentar – pe), tømmefrekvens for slam, krav til serviceavtale for minireinseanlegg m.m.
- Alle vilkår i utsleppsløyva skal grunngjevast.
 - Døme er strengare reinsekrav grunna drikkevassuttak nedstraums, badeplassar, sårbar resipient m.m.

- Status

- Alle søknadar vert no handsama etter det nye retningslinene

Utsleppskrav for kap. 12 løyve sanitært avløpsvatn

[Henta frå Asplan Viak rapporten:](#)

For følsomt og normalt område gjelder følgende krav:

Avløpsvann	Utslippssted med	Fosfor	Organisk
Sanitært	Brukerinteresser	> 90 %	> 90 %
Sanitært	Fare for eutrofiering og ingen brukerinteresser	> 90 %	> 70 %
Sanitært	Uten fare for eutrofiering og ingen brukerinteresser	> 60 %	> 70 %
Grått*	Rensing i stedegne løsmasser	Ingen	Ingen

For mindre følsomt område er kravene:

Avløpsvann	Utslippssted	Suspendert stoff
Sanitært	Sjø	Ingen forsøpling samt 20 % av SS-mengden eller <180 mg SS per liter (årlig middelerdi)
Grått*	Sjø	Ingen

* Selv om det ikke stilles konkrete rensekrav til gråvann er det likevel krav til søknad, utforming og dimensjonering av gråvannsanlegg.



Råmer og utfordringar framover for mindre avløpsanlegg

- Vassforskrifta sine krav til god vasskvalitet
- Nasjonal målsetjing om oppgradering av avløpsanlegg med siste frist 2033



Foto: Bjørn L. Rusken, Sunnfjord kommune

Nasjonale føringar for god vasskvalitet og oppgradering av avløpsanlegg (siste frist 2033)



Se liste

Vår ref
25/1516

Dato
7. april 2025

Nasjonale foringer for arbeidet med å oppdatere de regionale vannforvaltningsplanene

Vann er grunnlaget for alt liv, og en felles ressurs som må forvaltes bærekraftig for oss og fremtidige generasjoner. Rent vann med fungerende økosystemer gir uerstattelig samfunnsnytte, som drikkevann, til matproduksjon, friluftsliv og folkehelse.

I vannforskriften, som gjennomfører EUs vanddirektiv i norsk rett, er det generelle målet at vannforekomstene skal oppnå god tilstand. Det gjenstår fortsatt mye arbeid og økt innsats på tvers av sektorer for å nå miljømålene. Alle ansvarlige myndigheter må prioritere gjennomføring av tiltak for å nå målene i planene som gjelder frem til 2027.

Samtidig skal gjeldende planer med tilhørende tiltaksprogram oppdateres for planperioden 2028-2033. Alle ansvarlige myndigheter må bidra til å styrke beslutningsgrunnlaget om påvirkninger og mulige miljøtiltak innen eget ansvarsområde.

Klima- og miljødepartementet har i samarbeid med berørte departementer utarbeidet disse nasjonale foringene for arbeidet med oppdateringen. Alle berørte departementer står bak foringene, som skal bidra til å klargjøre nasjonalt ambisjonsnivå og avklare målkonflikter.

Vannforvaltningsplanene skal ha god forankring hos myndighetene lokalt, regionalt og sentralt, med et konstruktivt samspill mellom disse tre forvaltningsnivåene. De godkjente planene med tilhørende tiltaksprogram skal være alle statlige forvaltningsorganers og kommuners omforente dokumenter med felles miljømål og forslag til tiltak for å nå målene. Dette vil gi en effektiv og målrettet oppfølging for å tette gapet mellom dagens tilstand og miljømålene.

Med hilsen

Andreas Bjelland Eriksen
klima- og miljøminister

5 Avløp

5.3 Ambisjon for planperioden 2028 til 2033

Målsetningen er at alle avløpsanleggene i den enkelte kommune oppfyller forurensningsregelverkets rensekraft for å forbedre avløpssituasjonen, for å unngå ulovlig forurensing og for at miljømålene etter vannforskriften kan nås senest innen 2033. Det er behov for en betydelig styrket innsats innenfor avløpssektoren i mange kommuner for å nå miljømålene i vannforskriften innen 2033.

Kommunene må følge opp sitt ansvar som forurensningsmyndighet gjennom å kartlegge og følge opp utslipp fra avløpsanlegg som de er myndighet for, og sikre vedlikehold og oppgradering av nødvendig infrastruktur i takt med ny arealbruk og vekst i kommunene. Kommunen skal gi pålegg om tiltak for anlegg som ikke overholder rensekraft gitt i tillatelser etter 1.1.2007, samt sette i verk tiltak for å sørge for at utslipp etablert før 1.1.2007 blir rensert i tråd med rensekraftene i forurensningsforskriftens kapittel 12 og 13.

Klima- og miljødepartementet forventer at kommunene fremover setter av betydelige ressurser for å raskere gjennomføre nødvendige tiltak på avløpsområdet, herunder både fornying av ledningsnett og utbedring av renseanlegg.

Statsforvalter må prioritere å følge opp avløpsanlegg innenfor sitt ansvarsområde for å sikre etterlevelse av forurensningsregelverket, herunder at avløpsvann gjennomgår tilstrekkelig rensing. Tiltak som beskytter mot forringelse skal inngå i tiltaksprogrammet, herunder utslippstillatelser etter avløpsdirektivet.

Innsatsen bør først prioriteres i nedbørsfelt til vannforekomster som er påvirket av utslipp av avløpsvann, og som har dårligere enn god tilstand og/eller har viktige brukerinteresser.

Status avløpsanlegg i Sunnfjord kommune

- Om lag 2200 avløpsanlegg (kap. 12 anlegg)
 - I underkant av 100 anlegg med utsleppsløype frå Sunnfjord kommune
 - Estimat 200-300 sporbare utsleppsløype frå samanslåingskommunane frå åra 2007-2019
 - Resten av avløpsanlegga treng nye løype, og dei aller fleste av desse avløpsanlegga treng oppgradering
 - Dvs. kring 1800-1900 avløpsanlegganlegg på 8 år (2026-2033)
 - Men, vi er ikkje åleine – kan vere opp mot 40 000 slike anlegg i Vestland

Framover - Oppstart oppgradering av avløpsanlegg med avrenning til vassførekomstar som ikkje stettar krava om minst god miljøtilstand

- Krav etter vassforskrifta
 - Vassforvaltingsplanar
- Oppgraderingsområde
 - Vassførekomst Løyken (083-107-R)
Løyken (Lunde-Myrmel-Hatlebrekka-Alvern)
 - 40-50 avløpsanlegg som må dokumenterast eller oppgraderast

